LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

En til En Arkitekter
Øvre Korskirkesmug 2B
5018 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 14/467 - 18/14176 | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>tone.furustol@lindas.kommune.no | 04.06.2018 |

# Ferdigattest for bruksendring av eksisterande fritidsbustad og oppføring av tilbygg - gbnr 212/56

**Administrativt vedtak. Saknr:**
**Tiltakshavar:** Bjørn Nøstdal Jespersen
**Ansvarleg søkjar:** En til En Arkitekter
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.02.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.05.2018 og sist supplert 04.06.2018.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Eidsnesvegen 17 |
| Bygningstiltak: | Bruksendring av eksisterande fritidsbustad og oppføring av tilbygg |
| Bygningsnummer: | 176291257-1 |
| Bruksareal: | Eksisterande bustad vert utvida med ca. 104m$^2$ BRA og 36m$^2$ avsett til biloppstillingsplassar, jf. rammeløyve datert 22.04.2014. |
| Avlaup: | Løyve til etablering av ny slamavskiljar på 4m$^3$ og utsleppsløyve til eksisterande utsleppsleidning til sjø, jf. rammeløyve datert 22.04.2014. |
| Vatn: | Eigedomen har kommunalt vatn. Ferdigmelding for omlegging av vassleidning vert godkjent, jf. e-post frå teknisk drift VVA, mottatt 02.05.2018. |
| Tal på røykløp: | 1 |

**VEDTAK**:
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bruksendring av eksisterande fritidsbustad og oppføring av tilbygg på gbnr 212/56.
Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/467

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Nøstdal Jespersen | Eidsnesvegen 17 | 5913 | EIKANGERVÅG |
| En til En Arkitekter | Øvre Korskirkesmug 2B | 5018 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| En til En Arkitekter | Øvre Korskirkesmug 2B | 5018 | BERGEN |